



Opus Bergen AS

Referanser:

Dykkar: Marie Bjelland  
Vår: 15/1644 - 15/19156

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen  
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

23.10.2015

## Tilbakemelding på planavgrensing - Detaljregulering for Fossesjøen

Me har sett over forslaget dykkar til planavgrensing for Fossesjøen.

Forslaget er alt i alt veldig fint. Bra at grensa fylgjer eigedomsgrenser og at plangrensa er dratt eit stykke ut i sjøen. Grensa passar og godt saman med andre planar i nord, samt med nytt bustadområde B\_3 i sør.

Me har likevel nokre merknader. Den gamle plandelen fylgjer ikkje eigedomsgrensene like bra, og dette må rettast opp. Sørlege delar av planen strekkjer seg omlag 5 meter ut i sjø. Plangrensa bør her endrast til om lag 20 meter ut i sjø, og linjene i sjø bør forenklast til et mindre tal rette linjestykker, slik at geometrien vert mindre kompleks.

Den gamle planen i området, Reguleringsplan for Hatleberget/Fosse med planID 1256 1992 0804, skal opphevast og erstattast av ny detaljregulering for Fossesjøen. Dette lyt vere med i kunnngjeringsteksten no.

De kan elles starte arbeidet med varslinga. Me minner om at utkast skal kontrollerast av kommunen før kunnngjering. Planomriss i gjeldande SOSI-format skal vera vedlagt, og planlagt dato for kunnngjering skal vera opplyst.

Ta kontakt ved spørsmål.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen  
Fagansvarleg Plan

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



**Mottakere:**  
Opus Bergen AS